

Kari Skogeigar
Skogveien
4000 Skogen

Pålegg om tiltak etter foryngingskontroll

Me viser til brev om kontroll og oppfølging av foryngingsplikta med vedlagt eigenmeldingsskjema datert og rapport frå feltkontroll datert

Lovverk

Saka er vurdert etter Skogbrukslova § 6 og *Forskrift om bærekraftig skogbruk* kap. 3 §§ 6-8 og 15, annet ledd. Her går det fram at du som skogeigar har plikt til å gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst, og kommunen skal kontrollere at nødvendige foryngingstiltak er gjennomført.

Vurdering

Før gjennomføring av kontroll av hogstfeltet blei du bedt om å gjere greie for manglande planting etter hogst av gran i brev om kontroll og oppfølging av forynging med tilbakemeldingsskjema datert Både tilbakemelding og feltkontroll den stadfestar at det ikkje er sett i verk nødvendige tiltak for å forynge arealet innan fristen på tre år.

Vedtak

Kommunen gir med dette pålegg om at arealet må plantast innan

Me ber om tilbakemelding når tiltaket er gjennomført. Dersom tiltaket ikkje blir gjennomført innan fristen, kan kommunen fatte nytt vedtak om å gjennomføre tiltaket for skogeigars rekning; jf. Skogbrukslova § 6.

Ta gjerne kontakt med skogbruksansvarleg i kommunen dersom du ynskjer råd og rettleiing om planting, eventuelt skogeigarorganisasjonen din, eller andre lokale tenestetilbydarar for vurdering av plantebehov og utføring av planting. Planting kan finansierast med både tilskot og midlar frå skogfondet som følgjer eigedomen. Ta kontakt med oss for meir informasjon om tilskot og fordelar med bruk av skogfond.

Klagerett

Dette vedtaket kan påklagast til Statsforvaltaren i Rogaland innan tre veker etter du har motteke dette brevet, jamfør § 21 i skogbrukslova og kap. VI i forvaltningslova.

Med helsing

Ola Plantmeir
skogansvarleg
..... kommune